



Jan Eirik Kolstad AS
Klubben 18
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2677 - 18/26294

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
18.12.2018

Tilsynsrapport - GBNR 26/21 m.fl - Branntilsyn og registrering av bueiningar - Litlebergen

Onsdag 5.12.2018 kl 12:00 vart det gjennomført tilsyn på følgjande eigedomar på Litlebergen:

- Gbnr. 26/11
- Gbnr. 26/15
- Gbnr. 26/16
- Gbnr. 26/21
- Gbnr. 26/52
- Gbnr. 26/65

Målet med tilsynet var ein overordna gjennomgang av brannprosjektering av bygningane, samt registrering av antal bueiningar i bygningane.

På tilsynet stilte følgjande:

- Jan Eirik Kostad og Øyvind Kårbø, på vegne av Jan Eirik Kolstad AS.
- Frode Langeland, på vegne av Lindås og Meland Brannvern.
- Larissa Dahl og Marianne Aadland Sandvik, på vegne av Meland kommune.

Branntilsynet avdekka to tilhøve som må utbetrast:

- Dei to brannstigane på gbnr. 26/21 må ha ryggvern på grunn av høgda.
- Forretning i 1. etg på gbnr. 26/21 må ha lysskilt for rømningsveg.

Det må sendast inn dokumentasjon på utbetring i samsvar med ovannemnde krav snarast, og seinast innan **1. februar 2019**.

Følgjande antal bueiningar er, på bakgrunn av tilsynet, registrert i bygningane:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfor: www.nordhordlandskart.no

- Gbnr. 26/11 – 1 bueining
- Gbnr. 26/15 – 1 bueining
- Gbnr. 26/16 – 3 bueiningar
- Gbnr. 26/21 – 8 bueiningar og 1 forretning
- Gbnr. 26/52 – 1 bueining
- Gbnr. 26/65 – 2 bueiningar

I matrikkelen er det registrert følgjande på eigedomane:

- Gbnr. 26/11 - einebustad.
- Gbnr. 26/15 - forretning.
- Gbnr. 26/16 - einebustad med hybell/sokkelleiligheit, samt tre bueiningar.
- Gbnr. 26/21 - bensinstasjon og butikk, samt 8 bueiningar.
- Gbnr. 26/52 - einebustad.
- Gbnr. 26/65 - einebustad, samt 2 bueiningar.

Meland kommune viser til at både bruksendring av ein bygning, samt oppdeling eller samanføyning av bueiningar i ein bygning, er søknadspliktige tiltak, jf. pbl §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav d) og g). I den samanheng er ikkje nødvendigvis registrering i matrikkelen samanfallande med kva ein bygning er godkjent brukt som etter plan- og bygningslova.

Etter tilsyn, gjennomgang av matrikkelen og gjennomgang av arkivert dokumentasjon på eigedomane, finn vi følgjande:

- Gbnr. 26/11 – Dokumentasjon frå 1970-talet gjev grunnlag for å tru at bygningen er godkjent brukt som einebustad.
- Gbnr. 26/15 – Kommunen har ikkje dokumentasjon som tilseier at det er søkt om, eller gitt løyve til, bruksendring av bygningen frå forretning til bustad.
- Gbnr. 26/16 – Det vart gitt løyve til bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad i 1990. Godkjente planteikningar viser at bygningen er godkjent brukt som einebustad.
- Gbnr. 26/21 – Kommunen har lite opplysningar om kva bygningen er godkjent brukt som. Vi veit at det alltid har vore næringsverksemd i 1. etg, men kva dei andre etasjane er godkjent brukt som, er uvisst. Om dei har vore godkjent brukt som bustad, er det uvisst kor mange bustadar som er godkjent.
- Gbnr. 26/52 – Bygningen er i kommunen sitt arkiv omtalt som einebustad i 1981.
- Gbnr. 26/65 – 1. etg vart godkjent bruksendra frå kafè til bustad i år 2000. Om 2. etg har vore godkjent som bustad tidlegare, er uvisst.

På bakgrunn av det ovanneemde er det kommunen si vurdering at bygning på gbnr. 26/15 og 26/16 i dag vert brukt i strid med godkjent bruk etter plan- og bygningslova. På bakgrunn av opplysningar frå grunneigar, som hevdar at det tidlegare har budd inntil 11 familiar i bygningen, er det også uvisst om gbnr. 26/21 er godkjent med 8 bueiningar. Det er også uvisst om gbnr. 26/65 er godkjent med bueining i 2. etasje.

Som vist til over er både bruksendring og oppdeling/samanføyning av bueiningar søknadspliktige etter plan- og bygningslova. Meland kommune må på bakgrunn av tilsynet vurdere om vi skal følgje opp søknadsplikta

for nemnde eiedomar, jf. pbl kap. 32. På bakgrunn av dette ber vi om tilbakemelding frå deg som grunneigar, snarast og seinast innan **1. februar 2019**. Viss du har dokumentasjon som tilseier at vår vurdering av kva bruk som er godkjent ikkje stemmer, er det fint om du legg fram slik dokumentasjon for oss innan fristen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Frode Langeland

Mottakere:

Jan Eirik Kolstad AS

Klubben 18

5914

ISDALSTØ